

14. FØRESETTE SI ROLLE I MONTESSORISKULEN

Som foreldre / føresette til eitt eller fleire barn i eit montessorimiljø står ein i eit spesielt forhold til skulen. Ved å velje ein alternativ pedagogikk har ein gjort eit medvite val for opplæringa til barnet. Dei aller fleste foreldre / føresette har sjeldan personlege erfaringar med å vere barn i eit montessorimiljø. Dette fører til eit stort informasjonsbehov om montessoripedagogikk og om skulen barnet er elev ved.

Montessoripedagogikken er ein internasjonal og velutprøvd pedagogisk metode. Men ein kvar skule er påverka av mange ulike faktorar: Skulens ”alder”, pedagogane si erfaring, elevgruppa, tal på elevar i gruppa som har gått i montessoribarnehage, økonomiske vilkår og forldra/dei føresette si støtte til skulens pedagogiske arbeid.

Det er svært viktig for skulen å ha ein open og tett dialog med foreldre/føresette. Skulen må difor leggje til rette for mange ulike møteplassar. Både skulen og foreldre/føresette har forplikningar og forventingar i forhold til kvarandre og det samarbeidet begge partar ynskjer.

Foreldre / føresette kan forvente av ein montessoriskule at:

- Skulen førebur eit miljø i samsvar med montessoripedagogikkens prinsipp
- Skulen arbeider for at personalstaben skal ha mange nok montessorilærarar
- Skulen skal gje foreldra / dei føresette høve til å skaffe seg kunnskap om montessoripedagogikk gjennom foreldremøte, foreldresamtaler, skriftleg informasjon og montessorilitteratur
- Skulen informerer om verksemda si
- Undervisinga er i samsvar med lærerplanen
- Opplæringa er tilpassa kvar enkelt elevs evner og føresetnader
- Elevar med særskilde behov skal få spesialundervising
- Skulen har eit miljø som motverkar mobbing
- Skulen opplyser om kva som vert oppbevart av dokumentasjon om elevane
- Skulen gjev informasjon om foreldre sin klagerett
- Foreldrerådets arbeidsutval (FAU) og andre rådsorgan, t.d. trinnkontaktane eller styret, skal sikre foreldra medverknad

Foreldre / føresette har også plikter, og skulen kan forvente at foreldra:

- Engasjerer seg i barnas læring gjennom å oppmuntre og hjelpe til
- Held skulen informert om hendingar som kan påverke barnas kvardag
- Arbeider for eit godt sosialt miljø fritt for mobbing
- Kjem til foreldremøte, utviklingssamtaler og andre tilstellingar
- Les den skriftlege informasjonen som vert sendt ut av skulen
- Orienterer seg om dei generelle trekka ved montessoripedagogikken
- Vender seg til skulen dersom det er noko de lurar på eller er usamme i

Foreldre / føresette er svært viktige for elevane si læring i skulen. Elevar som får hjelp og støtte i heimen har større mogelegheit til å lukkast i skulen. Foreldre som har høge forventningar til barnas innsats og har ei positiv haldning til skulen gjev barna betre sjansar til å lukkast. Men det som er pedagogisk rett i skulesamanheng er ikkje nødvendigvis rett heime. Montessorimiljøet er utvikla for å vere ei hjelp til livets utfolding. Det består av ”nøklar” som barna treng for å forstå korleis verda fungerer. Livet utanfor skulen er ikkje like systematisk. Meininga er at barna bringer inntrykka og erfaringane dei har til skulen, får hjelp av miljøet og læraren til å forstå og få orden på det dei veit frå før og får ny informasjon, slik at dei kan gå ut i samfunnet med auka forståing og betre tilpassingsevne.

Foreldre/føresette skal ikkje gjenta skulens faglege arbeid, men dei kan utfylle det. Det finst mange opplevingar og aktivitetar ute i samfunnet som barn kan få glede og læring av. Nysgjerrigheit og kreativitet hos barn er noko som vert avslutta når skuledagen er over. Dessutan er det mange ferdigheiter som ein må arbeide med jamnleg, som til dømes rekning, skriving, lesing og språk. Å lese høgt for barnet, og leggje til rette for at barnet les sjølv heime, er eit av dei viktigaste bidraga heimen kan yte. Foreldre / føresette som stimulerer til lese glede og som sjølv les bøker, har ofte barn som gjer det godt på skulen. Det finst også mange anledningar i dagleglivet som utfordrar barna til å bruke aritmetikken på det praktiske planet. Handlelister, klokkelesing, matlaging, handverk osv. er område der aritmetikken blir synleggjort.

Skulemiljøet skal vere ein arena der kvart barn vert respektert og akseptert av både barn og vosne. Mobbing er uakseptabelt og skulen arbeider kontinuerleg med barnas sosiale ferdigheiter og forståing for å kunne handtere konflikter (sjå kapittel 8. Harmoni og høgheite). Heimen kan på si side gjere mykje for å hjelpe barn til å utvikle haldningar som motarbeider rasisme, mobbing eller annan usosial åtferd. Heimen bør arbeide for god kontakt med skulen, og med andre barn og foreldre, slik at mogelegheita for dialog og konfliktløysing alltid er tilstades når problem oppstår.

For å kunne ha eit godt og hensiktsmessig samarbeid mellom foreldre/føresette og skulen, bør foreldregruppa ved kvar skule halde seg orientert om kva typar samarbeid skulen legg vekt på, og korleis foreldre / føresette best kan støtte barnets læringsmiljø.

(Kapittel 14 i Læreplan for montessoriskolen)